



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hallvard Hageberg, 5557 2318

Vår dato  
01.06.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2018/5721 472  
Dykkar referanse  
Svein Ole Kvamme Tjore

Svein Ole Kvamme Tjore  
Moldekleiv 52  
5918 FREKHAUG

### **Varsel om endring av opplysningar i Grunnforurensningsdatabasen, gnr. 27 bnr.5, Moldekleiv, Meland kommune**

Fylkesmannen i Hordaland har no registrert nye opplysningar om din eigedom gnr. 27 bnr. 5, Moldekleiv, i Meland kommune, på lokaliteten Moldekleiv Sjøppelfylling, ID-nummer 4194 . Registreringa er gjort etter synfaring saman med deg og representantar for Meland kommune den 2. mai i år.

Fagsystemet Grunnforurensning inneheld informasjon om forureining i grunnen i Norge, både der det er påvist og der det er mistanke om forureining. Systemet er administrert av Miljødirektoratet, og finst på nettsida <https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/>.

Saman med dette brevet følgjer ei utskrift av den informasjonen som er registrert på lokaliteten Moldekleiv Sjøppelfylling. Namn og adresse på grunneigaren er ikkje offentleg tilgjengeleg, berre gards- og bruksnummeret. Nokre av opplysningane vert overførte til matrikkelen, det offisielle registeret over fast eigedom i Noreg. Matrikkelen skal syna opplysningar om kvar matrikkeleining (eigedom) som trengst for planlegging, utbygging, bruk og vern av fast eigedom. Under desse opplysningane ligg informasjon om dei stadene det er påvist eller mistanke om forureina grunn.

Desse opplysningane om lokaliteten vil verta synlege for din eigedom:

- Lokalitetsnummer
- Lokalitetsnamn
- Grad av påverknad – kor alvorleg forureininga er
- Rett styresmakt
- Vedtak – vedtak som gjeld lokaliteten
- Plikt til å opplyse / undersøke forureiningssituasjonen

#### **Plikt til å opplyse/undersøke forureiningssituasjonen**

Ved sal av fast eigedom som er forureina, har både seljar og kjøpar plikt til å opplyse om og/eller undersøke forureiningssituasjonen på eigedomen. Det er vanleg praksis at ansvaret blir avklara mellom partane ved sal. Slike avtaler er likevel ikkje bindande for styresmaktene dersom det blir aktuelt å gjera vedtak eller gje pålegg etter forureiningslova.

#### **Ved feil eller manglande opplysningar**

Har du spørsmål eller finn feil eller manglande opplysningar om lokaliteten i Grunnforurensning, kan du ta kontakt med Fylkesmannen i Hordaland via e-post

[fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) i eller brev til Fylkesmannen i Hordaland, postboks 7310, 5020 Bergen. Vi ber deg i så fall å vise til vår referanse, lokalitetens namn og ID.

Med helsing

Nina Vadøy  
overingeniør

Hallvard Hageberg  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Utskrift – opplysningar om lokaliteten i Grunnforurensningsdatabasen

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug